

Kvernåe kraftverk – mangelfull søknad frå Grønnkraft A/S

Samandrag

Denne uttalen er frå dei næraste naboane til Kvernåe, dei som bur på gardane Dalom, Haugen, Veslhaugen og Tråsådalen, dei som brukar naturgrunnlaget til reiseliv, og dessutan hytteeigarar. (Det er ført på gards- og bruksnummer for somme av eigedomane). Berre ein person frå kvar famiele/eigedom er nemnt:

- Magda Dalum, Dalom, 134/8
- Heidi Dalum, ved Dalom, 133/30
- Eva Marit Nordlie, Haugen, 134/1
- Arne Nordlie, Steinum, ved Haugen, 133/19
- Sigurd Nordlie, Skogtun ved Haugen, 134/14
- Jann Erik Dalum, Veslhaugen, 134/14
- Odd Dalum, ved Veslhaugen
- Bjørn Johan Traasdahl, Søre Tråsådalen, driv Søre Traasdahl hyttetun
- Ole Traasdahl, Tråsådalen
- Jacop Traasdahl, Skogtun, Tråsådalen
- Ola Jo Botheim, driv Rolstad Camping (bur ikkje i området)
- Øyvind Nordli, Legan, hytte nær Kvernåe, 133/35
- Brit Anne Botheim, hytte nær Veslhaugen
- Solveig Thorsplass, hytte nær Veslhaugen
- Lidvar Tranvåg, hytte nær Veslhaugen
- Oddbjørn Traasdahl, hytte ved Tråsådalen

Vi krev at vedtak om konsesjon ikkje blir gjort før viktige sakområde blir utgreidd (eller betre utgreidd), d.e. verdien som friluftsområde, dei kulturhistoriske verdiane, og ikkje minst Kvernåe som naturgeografisk område. Dette blir vidare grunngjeve i hovud-teksta nedafor, og dessutan understøtta av to vedlegg.

Kvernåe kraftverk – mangelfull søknad frå Grønnkraft A/S

Søknaden frå Grønnkraft får ikkje fram verdiane i naturlandskap og neglisjerer kulturhistoria omkring åa heilt. Utan at desse verdiane kjem fram på ein objektiv måte, kan heller ikkje avgjerdsla omkring reguleringa bli objektiv. Det er dette vi ynskjer å rette på for å tryggje at avgjerda blir teken på eit forsvarleg grunnlag. Det er også direkte feil i søknaden, som vi vil peike på.

Kvernåe naturområde inneheld ikkje mindre enn to strandliner frå siste isavsmelting og dertil særmerkte daudsis-groper. Dermed er dette landskapet ein viktig historieforteljar. Lendet er bratt og ulendt og vernar seg sjølv mot inngrep, men langsetter strandlinene er terrenget svært lettgått. Sentralt gjennom området fossar Kvernåe. Misser Kvernåe vassføring, misser landskepet ein viktig kvalitet som tuområdet. Saman utgjer åa og terrenget ein heilskap.

Vi krev at det blir kalla inn ekspertise som kan vurdere kor unikt landskapet er, både som tuområde og naturgeografisk område, og at det også blir vurdert kor viktig Kvernåe er for heilskapen i dette landskapet.

Manglar i søknaden

Landskap


Hovudattraksjonen i landskapet er Kvernåe med stirde fossar i bratte gjel, men dette landskapet inneheld mykje meir av verdi. Som nemnt i innleiinga, ligg det som ei lærebok i vår geologiske historie frå slutten av siste istida, med to vakre strandliner etter is-demde sjøar. Den nedste strandlina, Nedre Floten, ofte berre kalla Floten, er særleg brei og fin. Ein finn ho på både sider av Kvernåe, men særleg markert er ho på nordsida av åa. Den øvre strandlina blir kalla Øvre Floten og ligg om lag 40 høgdemeter over den nedre. Nedre Floten er lokalt erodert bort av Kvernåe og delvis av Fjellvabekken, sjå kartet.

Vidare inneheld landskapet særmerkte daudis-groper, der Djupholo er den største, men rundt i det området på nordsida av åa ligg det fleire slike groper. Nær åa på Floten ligg også Svarttjørne som også kanskje er ei daudisgrop, men fylt med vatn av ein bekk. I turksomrar turkar utløpet av tjørna opp.

Terrenget er så kupert at store delar av det vernar seg sjølv mot ferdsle, så skogsdrift blir i praksis berre drive frå Øvre Floten og nedover mot dalbotnen. Over Øvre Floten på nordsida nedafor Bottheimsetre, er terrenget særst ulendt og fåe har gått her.

Ferdsla i området blir dermed avgrensa til stigane. Strandlinene er svært veileigna til turvegar og gjer terrenget der lett tilgjengeleg. Frå Blæstergrende på sørsida av åa går det grusveg framkomeleg med bil nesten til åa ved Nedre Floten, og på nordsida av åa er det framkomeleg med traktor. Denne vegen er no fint tilgrodd og tek seg godt ut som turstig. Elles er det ein gamal seterveg (kjerreveg) opp til Høgsetre på sørsida, og ein veg bygd under krigen med handmakt opp til Bottheimssetre, men ikkje av ein slik standard at han er køyrande med vanleg bil. Både desse setervegane er populære

turvegar, og mellom setrane er det stig i terrenget som kryssar Kvernåe. Ein særleg vakker stig går langsetter Kvernåe oppover frå Svarttjørne til han møter stigen mellom setrene, sjå kartet.



Kartet er teikna av Rolf Sørungård, Kjøremsgrende, med nokre ekstra namn påførde i ettertid

Før var området mest brukt av lokale folk til turar og jakt. I dag finst det eit nett av merkte stigar, slik som vist på kartet og i ei brosjyre utgjeven av Lesja kommune. Brukarane kjem no også frå Dombås. Vanleg er det å køyre bil og parkere på sørsida av Kvernåe på Floten. Sommaren 2005 vart det på dugnad bygd ei saksebru over åa på Floten, slik at stigane på nord- og sørsida av åa vart bundne

saman. Likeeins vart det bygd ei klopp over Kvernåe på stigen mellom Bottheimssetre og Høgsetre, slik at denne stigen også vart lett å fara. Stigane i området har vorte merkte og namnsette av grendeutvalet i Kjøremsgrende og i dei seinare åra av Olav P. Amundgård, også han frå Kjøremsgrende. Dette saman med brubygginga har vore avgjerande for at området no har vorte så populært for personar frå Dombås. Merkte stigar har også vore avgjerande for dei turistane frå Rolstad Camping som nyttar området, sjølv om majoriteten av turistane på kampingplassen så avgjort er fiskarar. For Søre Traasdahl hyttetun er turområdet svært viktig då bedrifta satsar på naturturisme.

Sjølve attraksjonen i området er Kvernåe. Ved brua ved Floten er det gilde fossar og nedafor brua tek det nedre gjelet til med fossar i fritt fall og djupe hølar. Ovafor brua kastar åa seg nedover fjellsida. Fossane er her lett tilgjengelege ved gange på svaberga nær åa. Også stigen mellom setrene passerer Kvernåe ved ein foss. Her er det også bål plass like ved kloppa. Misser åa det meste av vatnet, misser turområdet ein viktig kvalitet. Populariteten til området viser seg ved at det har vorte ein hardtrakka stig frå bilvegen på Floten etter at brua over åa kom. Vedlegg 1 har noko meir omtale av området illustrert med fotografi.

Kulturhistorie

Som namnet seier har Kvernåe gjennom tidene vore brukt som drivkraft for kverner, der vatnet sjølv sagt har vore heilt avgjerande. Stutt omtale av desse kvernene er gjeve av Lesja Historielag. Der blir det sagt at det var ni kverner i åa, dei fleste eigde av gardar i Kjøremsgrende, vedlegg 2. Elles er det sikkert at ein av dei næraste gardane til åa, Haugen, også hadde kvern der. Kvernhus frå åa var i seinare tid i bruk som grisehus på garden.

Viser til 3.5 Fisk og ferskvannsbiologi

Ved Lågen ikkje langt frå osen av Kvernåe ligg Rolstad Camping. Turistane der er fiskeinteresserte, slik at utbyttet av hobbyfisket betyr noko for inntektene til kampingplassen. Korkje her eller andre stader i teksta blir det vist til kampingplassen. Heller ikkje blir det vist til Søre Traasdahl hyttetun som også satsar på fiske i elva.

Feil i søknaden:

Viser til 3.15 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr

«Det er ingen hytter eller annen bebyggelse i området som kan skades ved brudd på dam eller trykkrør da vannet vil drenere ut i eksisterende elveleie».

At vatnet ved eit eventuelt dambrot kjem til å fylgje eksisterande åfar, er utvilsamt rett, men ved røyrbrot blir det annleis om ein legg til grunn karta, vedlegg 2 i søknaden. Etter 1 km med røyr-gate, vil vatnet ikkje renne ned i åfaret, men ned i Svarttjørne eller ned langs etter dalsida og ikkje nå Kvernåe før ved det planlagde kraftverket.

Som vist ovafor, hevdar Grønnkraft at det ikkje finst hytter i området. Det er vanskeleg å skjønne at Grønnkraft kan hevde dette etter som ei røyr-gate blir planlagt om lag 50 m frå hytteveggen (i fylgje kartet, vedlegg 2) til gards/bruksnummer 133/35. Hytta er i aktivt bruk, dei siste 10 åra (2003-2012) i gjennomsnitt 159 overnattingar per år, maks. 224 – min. 85. Eigarane av hytta blir

pensjonistar i 2013 og då reknar ein med at hytta blir endå meir brukt. Ved eit røyrbrot ved og ovafor hytta, blir området ved hytta sterkt truga.

Viser til 3.7 Landskap, 3. avsnittet

«Dette INON området er et isolert restområde med status sone 2 – dvs. inngrepsfrie områder som ligger mellom 1 – 3 km i luftlinje fra nærmeste større tekniske inngrep. Området er sterkt berørt av inngrep fra før av kraftlinjer og veier i nærområdet for utbyggingen og ligger delvis i Lesja kommune og delvis i Dovre kommune»

Nei, kraftlina går oppe på fjellet og er ikkje synleg korkje frå dalbotnen eller frå den delen av Kvernåe som blir berørt av utbygginga. Berre ein traktorveg frå Høgsetre til ei hytte oppe i lia sør for åa hindrar at INON-området kunne ha vore mykje større og dekt den øvre delen av Kvernåe ovafor Floten. Landskapet ved Kvernåe er av ein slik karakter at store delar av det vernar seg sjølv. Avsnittet ovafor er misvisande.

Viser til Sammen drag

«Tiltaket vil påvirke inngrepsfrie naturområder (INON) i sone 2 med ca 1 km². Området er fra tidligere berørt av veier og en stor kraftlinje.»

Det blir endå meir misvisande i samandraget enn i teksta, pkt 3.7. Det er inga kraftline i området, lina går langt ovafor inntaksmagasinet og er usynleg derifrå og frå alle andre stader langs etter åa, og vegar finst det godt som ikkje ved Kvernåe. Grønnkraft prøver her å «snakke ned» verdien av eit fint naturområde.

Viser til Rørgata

«Rørgata vil være nedgravd/nedsprengt i grøft fra inntaket og ned til kraftstasjonen»....
«Rørtrasèen vil bli synlig lokalt i området, men ettersom tiden går, vil den bli delvis gjengrodd».

Etter ein generasjon eller eller to kan det gro til der det er lausmasse, men det søknaden underslår, er at i midtre og øvre del av traseen er det lite lausmasse, men mest berg. Ei grøft full av sprengstein blir eit varig sår i landsskapet, likeeins der anleggsvegen blir attfylt med sprengstein. Terrenget er småkupert, og oppgraven sandjord eroderer lett, så å få ny vegetasjon til å feste seg, kan somme stader bli eit problem.

Referansar

Rolf Sørungård og Ola Jo Botheim. 2004: Bruk av vasskraft til kverner og sagbruk. I Årsskrift 2004 Lesja Historielag, sider 6-41: 34.

Kartet er teikna av Rolf Sørungård, men nokre ekstra namn er sette på av Øyvind Nordli